# Polsdans e. Blind-Anton




"Blind-Anton var utant Malmsoknet, men han kom ofte til frambygda og spela på festar o bryllop. Han var i grunnen ein dugande spelmann, men han trampa med båe føtene, ly tærne og hælane berre så det dundra i golvtelet. Dessutan var det ikkje myk låt i fela, – så det var mest berre trampinga ein høyrde. Men han var på Skjevik hausten 1904, då spela han mange slåttar åt meg som eg hadde h før. Då fekk eg høve til å skrive dei opp. Vi dreiv på fleire kveldar me dette, så eg fekk kontrollert avskriftene etter kvart.
Han heldt alltid fela mot brystet og stakk både tomen og littefingeren under bogestokken eit lite stykke oppom frosken. Men reint og fint spela han, og var likcom i ei heilt anna verd når han dreiv på."